

LIV I VINJE

Bygdebrev #3

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS DESEMBER 2010

Eit år har gått sidan Liv i Vinje-prosjektet formelt vart sett i gang. Mykje har skjedd på denne tida.



JOLETREFEST på Vinjar 3. dag jol kl 17-19

PROGRAM

Ungane i barnehagen syng for oss
Skuleungane underheld
Gange rundt jolereet
Servering av kaffe, brus og kake
Kanskje kjem nissen?

Dersom alle tek med litt småkaker kan me
fordele dei rundt på borda.

Inngangspengar: Ungar gratis - Vaksne kr 50,-

Ta med besteforeldre og anna slekt!

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE!

Femtedagsfest på Vinjar

Den tidlegare tradisjonelle fjerdedagsfesten på Vinjar
blir i år femtedagsfest. Det tyder at:

- 29. desember brakar det laus klokka 21.00
- Alle over 20 år som har meldt seg på kjem inn. Hugs legitimasjon.
- Det blir alkoholserving, så private drikkevarer kan ein spare til eit anna høve.
- Inngangspengar: 150 kroner

Påmelding til Signe Vinje innan 25. desember:
99294770 eller signe.vinje@gmail.com

Vel møtt!

Fellesmiddagar på Vinjar

Den 13. desember hadde me den siste måndagsmiddagen på Vinjar for i år. I høve jol var det gratis jolemiddag til alle. Sjefskokkar var Bodil Nordjore og Øystein Løvlie. Det var fullt hus og nok av god mat til alle. Tusen takk til Bodil og Øystein og til alle som har stelt middagar for oss i heile 2010!



Fototevling

Me håpar folk stadig driv og tek bilete til den store fototevlinga som har innleveringsfrist i mai 2011. For inspirasjon og auka kunnskap ynskjer me mellom anna å få til nokre kurs. Meir info om dette kjem etterkvart, men fyrste post på programmet er:

Nybyrjarkurs: Digitale foto med PC som verktøy.

På Haugsæl laurdag 29. januar.
Det krevst ingen forkunnskapar.

Her får du innføring i:

- frå kamera til PC
- lagring
- enkel biletbehandling
- frå PC til skrivar
- frå PC til e-post
- frå PC til web
- frå PC til fotobutikk

Kurshaldarar er Hans Einar Blix Staaland og Kjell Ivar Hosum. Kursdeltakarane vil få med seg ein foldar med innhaldet i kurset. Det kostar 400 kr pr person. Tak med notatblokk og penn. Max 20 deltakarar. Meld deg på så fort som råd!

Påmelding: Vinje Handverkslag v/ Tove Herberg,
tlf: 918 42 907, e-post: toveher@gmail.com,

Songtevling

Juryen i songtevlinga kom saman no i desember. Dei hadde ein vanskeleg jobb, for songane er gode på så mange ulike måtar. Juryen måtte likevel ta det vanskelege valet

og avgjera kva for song me skal gjera innspeling av. Juryen meinte uansett det ville vore fint å få fram alle songane. Me fann ut at me prøvar å få til ei felles framføring av så mange av songane som mogleg på Vinjar på Påfonndajen (palmesundag), på kvelden etter Vibørennet og fellesmiddag. Målet er at vinnarsongen skal vera ferdig arrangert, innspelt og produsert til denne dagen.

Bøgrend Autofest

Bøgrend Autofest vart ein vellukka festival. Det var bra med publikum, fyrsteklasses musikk, framifrå stuttrest mat og god pressedekking.

No er me alt i gang med å leggje programmet for neste års festival!

Hald av 5.-7. august 2011!

Me treng fleire frivillige til å trø til neste år, og lister over oppgaver me treng hjelp til vert lagt ut på nyåret ein gong.

Bøgrend Automarken

Ein haug med flittige folk la ned masse godt arbeid for å få til loppemarknad på Bøgrend Auto i oktober. Oppmøtet var godt til trass for skarpt vēr. Det er uttrykt ynskje om å gjenta suksessen til neste år, så for dei som ikkje fekk tømt roteskuffane sine i år, så vert det ein ny sjanse neste år.



Teater

Fleire som ynskje å jobbe med ei teater- og revy-gruppe i Vinje har hatt det så travelt i haust at arbeidet vart utsett til etter jol. Me prøvar på nytt i 2011, men er avhengige av at fleire har lyst til å vera med dersom dette skal bli noko av.



Bustad

Bustadgruppa sendte ut brev før sommaren til huseigarar som sit på tome hus. Gruppa har også vore på synfaring på moglege nye tomtefelt som det har kome ynskje om. Synfaringa vart gjennomført saman med kommunen. Innspelet som gruppa hadde til rulleringa av kommuneplanen vart såleis tekje med i planforslaget som no er lagt ut til høyring.

Næring

Me er i dialog med unge vinbyggjar som kan tenkje seg å flytte heimover og skape sine egne arbeidsplassar. Verkemiddelapparatet i Vest-Telemark er kopla inn og følgjer dei vidare steg for steg. Dei unge har sagt seg villige til å jobbe som referansegruppe for Liv i Vinje.

Omorganisering av Liv i Vinje

Det vert ei ny type organisering i prosjektet frå januar av. I haust valde styret å nytte Vest-Telemark Næringsutvikling som arbeidsgjevarorganisasjon, og prosjektleiar Silje Hegg har vore tilsett i VTNU f.o.m. 1.september. Silje har sagt frå seg jobben som prosjektleiar frå nyttår av og VTNU vil drifte prosjektet vidare. Silje vil framleis vera ein del av eit team på VTNU som jobbar med prosjektet, og Ole Dalen vert ny

prosjektleiar. Dette grepet lyfter prosjektet opp på eit regionalt nivå og gjev oss betre tilgang på ressursane som ligg her. Prosjektplan med ny organisering vil de finne på heimesida så snart detaljane er på plass. Og sist men ikkje minst! Det vert:

ÅRSMØTE PÅ VINJAR ONSDAG 19. JANUAR kl 18.00

Saksliste

- 1 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2 Val av møteleiar
- 3 Val av referent
- 4 Årsforteljing
- 5 Reikneskap
- 5 Val av 1 styresmedlem
- 6 Val av 2 varamedlemmer
- 7 Presentasjon av ny organisering av prosjektet v/ Ole Dalen frå VTNU
- 8 Ymse

VEL MØTT TIL ALLE!

.....
GOD JOL og GODT NYTT ÅR!
.....